Request for Information (RFI)

KI-støtta turnusplanlegging

Oppdragsgivar: Bjørnafjorden kommune

Juni-august 2026

---

0. Innleiing

Bjørnafjorden kommune ønskjer med dette å gjennomføre ein uforpliktande marknadsdialog knytt til mogleg anskaffing av KI-støtta verktøy for turnusplanlegging hovudsakleg innan helse- og velferdsområdet.

Formålet med denne RFI-en er å skaffe kunnskap om:

- Marknaden si modenheit
- Tilgjengeleg teknologi og funksjonalitet
- Mogelegheiter og avgrensingar
- Integrasjonsmogelegheiter
- Føresetnader for innføring og bruk
- Prisnivå og lisensmodellar

RFI-en er ikkje ei konkurranse og inneber ingen forpliktingar for verken leverandør eller oppdragsgivar.

Eventuell vidare anskaffing vil gjennomførast i tråd med gjeldande regelverk.

Alle innspel vil bli behandla konfidensielt.

---

1. Om kommunen

Bjørnafjorden kommune ligg i Vestland fylke, sør for Bergen, og er ein del av Bergensregionen. Kommunen vart etablert i 2020 gjennom samanslåing av Os og Fusa, og har om lag 26 000 innbyggjarar.
Kommunen har ca 1630 årsverk fordelt på 2043 tilsette(tall pr juni 2024). For område Helse og velferd er tilsvarande tall ca 720 årsverk fordelt på1017 tilsette De store brukarane av turnus og turnusplanlegging finnes innan de store einingane, som heimebasert omsorg, og institusjonsbasert omsorg, og tilrettelagte tenester.

Pr d.d er kommunen organisert med separate einingar som følger lokaliseringa på kva side av fjorden. For institusjonsbasert omsorg har ein Lurane bu og behandlingssenter på Os sida, og Fusa Bu og behandlingsseter på Fusa sida. Same gjeld for heimebaserte tenester der ein har

heimtenesten Os , og heimetenesten Fusa. Totalt fire einingar. Det pågår eit større omstillingsarbeid som tek sikte på å etablere ei einging for kvar teneste , totalt to einingar(institusjon og heimebasert) men med lokasjoner på kvar side av fjorden. Dette inneber i tillegg til sjølve omorganiseringa, at kommunen må sjå meir heilskapleg på arbeidstidsplanlegging.

Dagens organisasjonskart



2. System

Bjørnafjorden kommune har Visma HRM Enterprise Plus som hovud system for HRM-data og økonomi. Identitetssystem leverast av Identum. Ein nyttar Microsoft 365 som kontorstøtteverktøy. Som overordna ressursstyringsverktøy nyttar Bjørnafjorden Visma Enterprise Ressursstyring+. Bjørnafjorden har og Visma Bi Løysing både for HRM/ økonomi og Ressursstyring.

Turnus

I Helse og velferd har vi ulike turnusar. Dei fleste bruker rullerande 12 vekers turnus der ein nyttar hjelpeturnus til høgtider og ferie. Andre nyttar 52 vekers grunnturnus uten bruk av hjelpeturnus. Det er eit stort ønske frå fleire å ta i bruk 52 vekers turnus.

---

2. Bakgrunn og kontekst

Turnusplanlegging i kommunen skjer i dag i stor grad desentralisert, noko som gir variasjon i kvalitet, tidsbruk og etterleving av regelverk.

Kommunen ønskjer å etablere ein modell med:

- Ein sentral rådgivar/fagressurs
- Standardiserte prosessar og praksis
- Støtte frå digitale verktøy, inkludert KI

Målet er å:

- Betre kvalitet og kontinuitet i tenestene
- Redusere tidsbruk og ressursbruk
- Sikre betre etterleving av arbeidsmiljølov og avtaleverk
- Styrke heiltidskultur

Erfaringar frå andre kommunar viser at det ved rett organisering og rett verktøy kan ver eit betydeleg potensial for :

- Redusert tidsbruk på turnusarbeid
- Betre fordeling og partsinvolvering
- Redusert bruk av overtid og innleige

---

3. Målbilete

Kommunen ønskjer på sikt ei løysing som inngår i ein heilskapleg modell for ressursstyring, der følgjande speler saman:

1. Organisering (sentral fagstøtte)
2. Digitale verktøy (KI og planlegging)
3. Økonomistyring

Vidare ønskjer kommunen å sjå samanhengar mellom:

- Turnusplanlegging
- Bemanningsbehov
- Fråvær og prognosar
- Ruteplanlegging for heimetenester

---

4. Overordna behov

Løysinga bør støtte følgjande hovudbehov:

4.1 Turnusplanlegging

- Generering av forslag til turnus basert på:
    - Bemanningsbehov
    - Kompetansekrav
    - Regelverk

    - Preferansar
- Støtte for både enkle og komplekse turnusar (for eksempel opp til 52 ukes grunnturnus).
- Mogelegheit for optimalisering

4.2 Regelverk og kvalitet

- Ivaretaking av:
    - Arbeidsmiljølova (AML)
    - Hovudtariffavtalen (HTA)
    - Lokale avtalar
- Regelmotor med varsling og sperrer
- Dokumentasjon av vurderingar og val

4.3 Arbeidsflyt og prosess

Systemet må støtte ein arbeidsflyt som:

- Tydleggjer at leiar har ansvar for turnus
- Understøttar drøfting og medverknad med tillitsvalde
- Legg til rette for kvalitetssikring og godkjenning

4.4 KI og analyse

- Generering av turnusforslag
- Analyse av ressursbruk og avvik
- Prognose for fråvær (dersom tilgjengeleg)
- Læring over tid basert på historiske data

4.5 Integrasjon

Løysinga må kunne integrerast med eksisterande og framtidige system, til dømes:

- HR- og lønssystem
- Turnus- og ressursstyringssystem
- EPJ (pågåande anskaffingsprosess saman med Bergen kommune)

Det er særleg viktig at løysinga:

- Har opne API-ar
- Støttar dataflyt på ein trygg og stabil måte
- Er fleksibel med omsyn til framtidige system

4.6 Vidareutvikling og samanhengar

Det er ønskjeleg at løysinga på sikt kan støtte eller integrerast med:

- Ruteplanlegging i heimetenesta
- Produksjons- og aktivitetsdata
- BI og styringsinformasjon

4.7 Gevinstar, dokumentasjon og rapportering

- Moglegheit for å definere, måle og følgje opp gevinstar (t.d. tidsbruk, innleige, overtid, avvik)
- Støtte for logging og dokumentasjon av endringar i turnus og effekt av tiltak
- Sporing av utvikling over tid (før/etter, pilot vs drift)
- Visualisering av nøkkeltal og indikatorar for leiing
- Fleksible rapporteringsmoglegheiter (dashbord, eksport, tilpassa rapportar)
- Moglegheit for å dokumentere etterleving av regelverk og avtalar
- Støtte for datagrunnlag til leiing, politisk nivå og gevinstrealisering

---

5. Krav til sikkerheit og personvern

Løysinga må oppfylle krav til:

- Personvern (GDPR)
- Databehandlaravtale
- Lagring innanfor relevante geografiske krav (EØS)
- Rolle- og tilgangsstyring
- Sporbarheit og logging

---

6. Roller og ansvar i løysinga

Løysinga må støtte følgjande rollefordeling:

- **Leiarar:** ansvar for bemanning, vurdering, dialog og godkjenning
- **Rådgivar/fagressurs:** støtte, analyse, kvalitetssikring og utvikling
- **Tillitsvalde:** medverknad og drøfting

Dette er i tråd med kommunen si målsetjing om å kombinere sentral kompetanse med lokal forankring.

7. Spørsmål til leverandørane

Vi ber leverandørane svare på følgjande:

7.1 Løysing og funksjonalitet

- Korleis fungerer løysinga for turnusplanlegging?
- Kva grad av KI/automatisering tilbyr de?
- Støttar løysinga norsk regelverk (AML/HTA og lokale særavtalar)?
- Korleis blir systemet oppdatert for å vere i tråd med dei til ein kvar tid gjeldande lover og avtalar?

7.2 Integrasjon og arkitektur

- Kva integrasjonsmoglegheiter finst (API, standardar)?
- Erfaring med integrasjon mot kommunale system (t.d. Visma, GAT, EPJ, identitesstyring/tilganger og roller).
- Korleis handterer de endringar i systemlandskap?

7.3 Data og analyse

- Kva type data blir nytta i KI-modellar?
- Har de funksjonalitet for fråværsprognose?
- Korleis blir kvalitet og treffsikkerheit dokumentert?

7.4 Implementering

- Kva krav stiller løysinga til datakvalitet og treningsdata?
- Korleis sikrar leverandøren at KI-modellar er trena på relevante, oppdaterte og korrekte data?
- Korleis kan kommunen bidra til å sikre god datakvalitet og kontinuerleg læring i systemet?
- Kva krevst av organisasjonen ved innføring?
- Korleis støttar de opplæring og endringsleiing?
- Estimert implementeringstid

7.5 Sikkerheit

- Korleis blir persondata handtert?
- Kvar blir data lagra?
- Kva sertifiseringar har de?

7.6 Pris

- Prisstruktur (lisens, brukar, avdeling, volum)

- Implementeringskostnader
- Eventuelle tilleggstenester
- Konkret priseksempel for Bjørnafjorden kommune

---

8. Vidare prosess

Denne RFI-en er ein del av ein innleiande marknadsdialog, og kan blir fulgt opp av ytterlegare kontakt med marknaden.

Basert på tilbakemeldingane vil kommunen:

- Vurdere behov og krav vidare
- Utarbeide konkurransegrunnlag
- Gjennomføre anskaffing i tråd med regelverket

Deltaking i denne RFI-en gir ingen fortrinn i ein eventuell seinare konkurranse.

---

9. Praktisk informasjon

- Frist for innsending: 11.08.2026
- Format: Skriftleg svar (PDF/Word)
- Kontaktperson: Agnieszka Anna Mølholm (agnmol@bjornafjorden.kommune.no)

NB: innspel blir lest fortløpande så ønsker ein å sende informasjon treng ein ikkje vente til fristen.

---

10. Avslutning

Bjørnafjorden kommune ønskjer ein open dialog med marknaden for å sikre at ei eventuell framtidig anskaffing er godt tilpassa både behov og mogelegheiter.

Vi set pris på alle innspel som kan bidra til betre forståing av kva som er realistisk å oppnå, og korleis moderne teknologi kan støtte kommunen i å utvikle framtidsretta og berekraftige tenester.